

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/8050-2

## **Selskapskontroll 2015 - Informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og fylkeskommunen**

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:  
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Reglement for sakshandsaming i politiske utval §10 får følgjande tillegg:

Innhaldet i orienteringar gitt i politiske organ skal refererast i møteboka.

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

### Vedlegg:

- Notat frå SF revisjon datert 19.06.2015 – Notat selskapskontroll Fjord1 AS 2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Kontrollutvalsleiar kalla kontrollutvalet inn til møte 16. april 2015 for å drøfte det som i tida føre var kome fram om informasjonsflyten mellom fylkeskommunen og Fjord1 AS i samband med fusjonsplanane mellom selskapa Fjord1 AS og Norled AS. Utvalet gjorde slikt vedtak i møtet:

1. Kontrollutvalet ber kontrollsjefen om å lage eit saksnotat om informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune vedrørande fusjonsplanane mellom Fjord1 AS og Norled AS.
2. Kontrollutvalet ber om at notatet vert lagt fram i neste møte i kontrollutvalet.

I etterkant av møtet vart kontrollutvalsleiar og kontrollsjef samde om at dette var innanfor selskapskontrollområdet og at det var rett å sende bestilling til SF revisjon IKS om oppdraget.

I bestilling, som vart sendt 23. april, var det bedt om å få utarbeidd eit notat på bakgrunn av revisor si kartlegging av informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune i samband med fusjonsplanane mellom Fjord1 AS og Norled AS. Det stod også at utvalet ynskte å få fram informasjon om tidslinja for informasjonen mellom partane - kven fekk informasjon når?

Notatet frå revisor, datert 19. juni 2015, vart handsama av kontrollutvalet 23. juni 2015 i KU-sak 31/15. Utvalet vedtok i møtet å be sekretariatet om å legge fram ei sak til møtet 26. august om vidare arbeid med saka – herunder vurdering av eventuell høyring.

Kontrollutvalet handsama 26. august 2015 i KU-sak 35/15 spørsmålet om vidare arbeid i saka. I samband med handsaming av saka 26. august vart fylkesordførar intervjuet av kontrollutvalet. I intervjuet stilte kontrollutvalet spørsmål om kva informasjon fylkesordførar, i rolla som fylkeskommunen sin eigarrepresentant i Fjord1 AS, hadde fått på dei forskjellige tidspunkt, og kva informasjon som hadde gått vidare til fylkesutvalet.

Utvalet handsama spørsmålet om vidare arbeid i saka på bakgrunn av notatet frå SF revisjon som var lagt fram for utvalet 23. juni, intervjuet med fylkesordførar 26. august og diskusjon i utvalet same dato. Dette resulterte i eit vedtak der sekretariatet i lag med revisor fekk i oppdrag å intervju fylkesutvalsmedlemmane om informasjonsflyten mellom fylkesordføraren og fylkesutvalet i denne saka. Utvalet ba om ei sak til neste møte i utvalet med oppsummering og vurdering av informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og fylkeskommunen.

## **2. Vurderingar**

Kontrollsjef og oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS har gjennomført intervju med fylkesutvalet sine medlemmer og gjort ei vurdering av resultatane av intervjuet med omsyn til informasjonsflyten frå eigarmøtet i Fjord1 AS 1. november 2013 med fokus på fylkesordførar sin orientering til fylkesutvalet 6. november 2013.

### Eigarmøte i Fjord1 AS 1. november 2013

I notatet frå SF revisjon datert 19. juni kom det fram at styreleiar i Fjord1 AS orienterte eigarane i eigarmøtet 1. november 2013 om for selskapet sin overordna strategi. I følgje styreleiar frå Fjord1 AS var følgjande tema oppe i møtet:

- Utgreiing om konsolidering og strategi i styremøtet 23. september 2013
  - «Reidar Sandal presenterte styret si oppsummering etter strategisamlinga 23. september. Sandal la spesielt vekt på dei strategiske grep selskapet ville rette fokus mot den komande tida.»
  - Det blei gjort greie for vurdering av ulike kandidatar som Fjord1 AS eventuelt kan fusjonere med.

Begge eigarane var til stades i dette eigarmøtet. Følgjande representantar frå fylkeskommunen var til stades: Åshild Kjelsnes, Tore Eriksen og Jan Øhlckers.

I notatet frå SF revisjon datert 19. juni 2015 står det at Jan Øhlckers og Åshild Kjelsnes bekrefta i intervju hendingane fram til intensjonsavtalen vart signert slik dei er gjort greie for av styreleiar i Fjord1 AS, Reidar Sandal.

I intervjuet føreteke av kontrollutvalet 26. august i år svarte fylkesordførar bekreftande på at det var orientert om Fjord1 AS sin overordna strategiar i eigarmøtet 1. november 2013, og at styret i Fjord1 AS såg for seg store strukturendringar i bransjen og hadde starta arbeidet med å posisjonere verksemda i høve til det. Fjord1 – leiinga orienterte om at dei såg på fusjon som ein framtidig mogelegheit, men at det var på eit overordna nivå. Det var ikkje varsla at selskapet gjekk inn i forhandlingar eller førespurnadar til andre selskap eller aktørar i dette møtet.

### Fylkesutvalsmøtet 6. november 2013

I protokollen frå fylkesutvalet 6. november 2013 står følgjande:

#### **«Ikkje off. §23.4:**

Fylkesordføraren orienterte fylkesutvalet og styret i F1 Holding frå eigarmøte 30.10.2013 i Fjord1.»

Datoen for eigarmøtet skal i protokollen vere 1. november 2013.

Spørsmålet som kontrollutvalet har stilt seg er i kva grad fylkesutvalet har vore kjent med selskapet sin strategi, som det vart orientert om i eigarmøtet 1. november 2013. Kva har dei fått informasjon om, og kva oppfatning har dei hatt etter at dei eventuelt har fått informasjon?

Fylkesordføraren sa i intervjuet 26. august at fylkesutvalet i møte 6. november 2013 vart orientert om det som var sagt i eigarmøtet 1. november. Det var mellom anna orientert om at leiinga i Fjord1 AS såg på større strukturendringar i bransjen som viktig, og at fusjon kunne vere aktuelt. Fylkesordføraren meiner ho har orientert fylkesutvalet om selskapet sine overordna strategiar i samsvar med det som kom fram i eigarmøtet nokre dagar i førevegen.

Det vart gjennomført telefonintervju av alle medlemmane i fylkesutvalet i veke 38 og 39. Intervjua ber preg av at fylkesutvalet 6. november 2013 hadde fått ei munnleg orientering, at det ikkje finnast skriftleg dokumentasjon som til dømes eit referat frå orienteringa, og at vi nesten går to år tilbake i tid. Resultata frå intervjua ga ingen klare indikasjonar på kva fylkesutvalsmedlemmane har oppfatta at dei fekk av orientering frå eigarmøtet i Fjord1 AS i fylkesutvalsmøtet 6. november 2013.

#### Vurdering av saka

Fjord1 AS har, etter den informasjonen som er innhenta, orientert eigarane om strategival, ref. møte 1. november 2013. Eigarane har ikkje, etter vår kjennskap, gjeve kommentarar eller andre innspel til selskapet sine overordna strategiplanar. Dersom ein ser det frå Fjord1 AS si side er eigarane orienterte om det moglege strategivalet utan å ha kome med innvendingar, kommentarar eller spørsmål.

Det er ingen ting som tyder på at Fjord1 AS ikkje har følgd aksjelova sine føresegner om styret sitt ansvar for forvaltninga av selskapet.

Denne saka ber preg av at det ikkje er skriva referat eller protokoll med opplysningar frå fylkesordføraren si orientering til fylkesutvalet frå eigarmøtet 1. november 2013 som det er mogleg å etterprøve. I den offentlege protokollen etter møtet i fylkesutvalet 6. november 2013 står det at fylkesutvalet vart orientert frå eigarmøtet 1. november. Orienteringa var unntatt offentleg, og møtet var lukka. Det hadde i ettertid vore fordelaktig om det hadde vore eit referat med kva denne orienteringane inneheldt – i eit dokument som var unntatt offentleg, eller i protokollen som var unntatt offentleg.

Intervjua av fylkesutvalsmedlemmane ga ikkje klart svar på i kva grad informasjonen frå orienteringa i eigarmøtet 1. november 2013 har kome fram til fylkesutvalet.

Ut frå resultata etter intervjua er det ingenting som tyder på at det har vore orienteringar om Fjord1 AS sin strategi i fylkesutvalsmøte mellom 6. november 2013 og fylkesutvalsmøte 26. mars i år der intensjonsavtalen mellom Fjord1 AS og Norled AS vart kjent for fylkesutvalet.

### **3. Konklusjon**

Informasjonsflyten i denne saka ber preg av å bestå av munnlege orienteringar nesten to år tilbake i tid. Det er utfordrande for politikarar som tek imot store mengder informasjon å huske kva som var sagt i ei kort munnleg orientering så langt tilbake i tid.

På bakgrunn av det vil vi foreslå at fylkeskommunen endrar sine rutinar slik at innhaldet i alle orienteringar som blir gitt i politiske organ i framtida blir referert.